


# NS-ministeren som lurte domstolane og døden

107627



PSYKOBIOGRAFI - Nils Johan Ringdal har skrive boka om justisminister Sverre Riisnæs, først og fremst eit portrett av mannen, ikkje ei allmenn krigshistorie

— Det var stor usemje mellom rettspsykiaterane om Quislings justisminister Sverre Riisnæs var gal eller ikkje da saka hans kom opp for retten i landssvikopp-

gjeret. I siste runde fekk psykiateren Gabriel Langfeldt medhald i retten, noko som redda Riisnæs unna dødsstraff, seier historikaren Nils J. Ringdal.

## TEKST OG FOTO: FORSTEIN THOMASSEN

I desse dagar kjem han med sin oppsiktsvekkjande «psykobiografi» over den tidlegare berykta NS-minister, døddel og jødehatar Sverre Parelius Riisnæs, der han hevdar at stornasisten lurte seg unna både dødsstraff og fellande dom ved å spele sinnssjuk. Ringdal meiner Riisnæs heile sitt vaksne liv hadde eit sterkt anlegg for galskap og hysteri, men intelligent som han var, hadde han lært seg å leve med det.

Biografien vil truleg bli svært omstridd. Riisnæs næraste familie har truga med rettsak for å stanse boka. Det er også grunn til å vente sterke reaksjonar frå rettsmedisinsk hald, ettersom Ringdal tek opp rettsmedisinske sentrale stilling under landssvikopp-gjeret, og syner korleis rettspsykiatranæ spela på lag» med Riisnæs iveren etter å utforske nazismens vesen. Mellom skal Gabriel Langfeldt, som var sentral i Den rettsmedisinske kommisjon etter krigen, ha uttalt at han ikkje folte skrupulær desson; han som psykiatar kunne bidra til å redde eit menneske frå galgen. Både Langfeldt og dommar Cappelen som leidde rettsaka mot Riisnæs og henla ho, var motstandarar av dødsstraff.

I tillegg stiller Ringdal spørsmål om kollegialitet spela ei viss rolle hos Cappelen i den ende-

ge avgjerda om å leggje bort saka utan å felle nokon dom: Det var unekteleg litt ubehagelig for ein jurist og tidlegare justisminister å domme ein jarnaldrende jurist og tidlegare justisminister til døden, meiner han.

— Min konklusjon etter inngåandestudier og analysar av eit omfattande og dels unikt kjeldemateriale er at Riisnæs klarde å sleppe unna ein opplagt dødsdom ved å simulere gal på ein svært dyktig måte. Opphavleg skulle jo straffesaka mot han gå samstundes med med saka mot Hagelin seinhausten 1945. Men ved at det var sådd så sterk tvil om Riisnæs mentale tilstand, blei saka mot han først utsett, og da ho kom opp i juni -47 vart ho lagt bort for godt, seier Ringdal, som meiner Riisnæs makta å lure både domstolane og rettsmedisinsk ekspertise ikkje minst avdi han sjølv kjende så godt til både jusens og rettsmedisinske spelereglar.

— Men gjekk psykiaterane politiske ærend i denne samanheng?

— Det veit vi ingenting om. Dei var nok først og fremst genuint opptekne av å utforske toppnaziistars' indre, sjelsliv grundigst moglege av fagleg interesse, for å finne fram til nazismens vesen. Mellom anna var det og eit sterkt ønskje frå deira side om å gå grundigare til verks med Quisling, men det fekk dei aldri høve til. Som den fremste eksponenten for landssvikarane, måtte han dommast og straffast, slik den politiske stemninga var like etter frigjeringa.

### Til rett tid

— Tittelen på biografien «Gal mann til rett tid» går altså direkte att på dei store narrespelet Riisnæs stod for?

— Ja, han hadde ei spesiell evne til å skape seg utvegar når det såg som svartast ut for han. Han gjekk til dømes inn i NS «ei rett tid» i juli 1940, fekk eit syn frå Gud «ei rett tid» i dei dramatiske moidagane i 1945 på Skallum, då Lie og Rogstad gjorde sjulvmord, medan Riisnæs ombestemte seg. Og han greidd

altså å spele gal nok til å redde seg unna eksekusjonspeletongen.

— Men såg han på seg sjølv som gal?

— Nei. Men han kalla seg sjølv «verdas største simulant», og briska seg ofte seinare ovafor romkameratar på Reitgjerdet over at han hadde greidd å lure domstolane og rettspsykiatranæ. Dette fortel ein av hans tidlegare medpasienter i boka. — Kvifor har då historieforskarar, jurister og rettsmedisinen så lett godteke dette «narrespelet» utan at det er blitt stillt spørsmål og «avslørt» før no?

— Det heng saman med at jo lenger tid det gjekk etter frigjeringa, jo mindre viktig var det å få han dømt. Det skjedde ei gliding i synet på kor strengt landssvikarar skulle straffast, samstundes som stadig fleire gjekk mot dødsstraff. Dødsstraffa vart jo også avskaffa like etter. Elles kan ein vel seie at Riisnæs på sitt vis fekk si straff, ettersom han hamna på Reitgjerdet og sat innesperra der frå 1947 til 1960. Det var lenger enn nokon andre av av dei landsvikarane som fekk fengselsstraff. Til og med dei som fekk livstidsstraff slapp ut allereie i 1957.

— Angra han på det han gjorde?

— Han vart rett nok stadig meir religiøs dei seinare åra, men gav aldri uttrykk for nokon anger over den politiske fortida i NS.

Ringdal fortel at planane om Riisnæs-biografien tok form da han for nokre år sidan arbeide med eit bokprosjekt om politiske rolle under okkupasjonen. Då fekk han tilgang til ei mengde opplysningar og rettsdokument om Riisnæs-saka, men kunne ikkje gå særlig grundig inn på han eller rettsstelletts stilling i den samanhengen. Kjeldematerialet omfattar mellom anna dei rettspsykiatriske rapportane og ein del intervju psykiatranæ gjorde med folk som hadde samarbeidd nært med Riisnæs under okkupasjonen. Vidare har Ringdal Junne fram til ei mengde private brev og papir som ikkje vart nytta under rettsaka; anten fordi etterforskarane ikkje hadde makta å nå

over alt, eller fordi dei ikkje vedkom saka.

Ringdal var også i kontakt med Sverre Riisnæs sjølv før han døydde i fjor, og Riisnæs bad han om å lytte til dei omstridde NRK-intervju Per Bønn gjorde med Riisnæs tidlegare på 80-talet.

— Har du hatt stor nytte av desse intervjuane?

— Vel, framstillinga i desse intervjuane er klart prega av fortida. Han snakkar mest om det som passar han sjølv best, og unngår å svare direkte på andre ting. Prover mellom anna å framstille seg som ein samlande representant for NS og arven etter Quisling, medan vi veit at han egentleg var sær omstridd i partiet og det tradisjonelle NS-miljøet. Dette får eg stadfesta av mange kjelder, ikkje minst tidlegare NS-generalsekretær og kulturminister Rolf Jørgen Fuglesang, som eg også har intervjuva.

### Ikkje primært okkupasjonshistorie

Ringdal understrekar at boka ikkje primært er okkupasjonshistorie, men først og fremst eit forsøk på å framstille den særprega og samansette personen Sverre Riisnæs er i alle fasettar, og med vekt på dei delane av oppveksten og bakgrunnen, familien og karriere, tankane og meiningane og ikkje minst handlingane, som kan bidra til å kaste lys over lagnaden hans.

— Men sjølv sagt er det ikkje til å kome utanom at det i første stadi vekt på denne perioden og det som skjedde i samband med at han sleppte unna landssvikopp-gjeret. Mellom anna går eg han nøyre etter i saumane som menneske og ideolog. Som den pennføre og intelligente personen han var, vurderer eg han faktisk som den beste, klaraste og mest logiske av ideologane i NS-partiet. I boka «Nasjonalsocialismens livssyn» har han betre enn nokon annan klart å

transformere naziideologien fra Tyskland til norske tilhøve, og det kjem tydeleg fram at han var sær positiv til mange av Hitlers sosiale reformer. Og trass i ein eksentrisme som kunne grense til hysteri, hadde han mykkje større realitetssans enn Quisling.

— Samstundes dyrka han og Hitlers raseidear?

— Det herska det ingen tvil om. Han var ein overtydd antisemit og rasist frå tidleg av, noko som mellom anna kjem fram i brevvekslinga han hadde med faren under tysklandsopphald i mellomkrigstida. Han gav tydeleg uttrykk for frykt for at den germanske rase var truga, og hevda forresten at vestendingen var den beste av alle mennesketypar, medan jødane og negrane blei rangert lågast. Han spela då og ei sentral ideologisk og førebudande rolle i tida før jødeaksjonen i Noreg i 1942, og var heilt innstilt på at jødane måtte deporterast. Men ein kan vel samstundes registrere ei viss ambivalens i praksis, ettersom han og var viljug til å redde unna jodar som var venner av familien.

Frykta NS — Med slike haldningar var det vel heilt naturleg at han melde seg inn i NS og hamna i regjeringa til Quisling? — Nei, paradoksal kan ein seie han gjekk inn i partiet av taktiske og opportunistiske grunner, fordi han var redd for det, seier Ringdal.

I alle sine yngre år hadde Riisnæs vore medlem av Arbeidarpartiet, men melde seg ut etter press frå faren, som meinte det kunne vere til hinder for karriere: Mesteparten av mellomkrigstida var han difor ein partilaus, sosialt medviten jurist, som politisk sto «litt til venstre for Venstre», som han sjølv sa. Då Nasjonal Samling dukka opp i partilandskapet var han svært skeptisk til det. Og da han som statsadvokat i Buskerud var aktor i Trotski-saka i 1936 køyrd han han hardt ut mot innbrøtstjuvane som blei avslørte som NS-folk, og tefta dermed på seg både NS-organet «Fritt Folk» og andre i NS-rekkjene. Etter det var han sær mislikt av partiet. Fram mot krigsutbrotet hadde han ein solid og sikker karriere i rettsapparatet, men stor tilfrydning hos toppane. I januar 1940 var han jamvel handplukka som medlem av ein kommisjon, leia av riksadvokat Sunde, som skulle granske moglege landssvikarar og forebu spesielle tiltak mot dei i tilfelle krig. Han oppdaga at Quisling var mellom dei som var overvaka, og seinast i juni 1940 rapporterte han til hogsterettsjustitiarius Berg om ulike rykte han hadde fanga opp om NS. — Dette skjedde truleg fordi han var redd for at NS skulle kome i maktposisjon att, og neppe så mykje av frykt for lagnaden til landet som for så eiga framtid.

## SVERRE PARELIUS RIISNÆS

var fødd i Vik i Sogn i 1897. I 1919 tok han juridisk embetseksamen som privatist med glimrande resultat. Politifullmektig i Kristiansund frå 1921 der han mellom anna engasjerte seg mykje i jakta på sprismuglarar under forbodstida. Han var forresten den som førte vår første alkohollov i pennen i 1926-27. Konstituert til statsadvokat i Telemark i 1931, der han mellom anna var aktor i Menstad-saka. Tilsett

som fast statsadvokat i Buskerud i 1934, og var i 1936 aktor i Trotski-saka, der han gjekk hardt ut mot NS-innbrotsjuvane som hadde tatt seg inn i Trotskis hus da han oppheldt seg i Hønefoss. Melde seg inn i NS 6. juli 1940. Utneidd til justisminister i Quislings kommisariske regjering 25. september -40. Sette i gang nazifiseringa av rettsapparatet i desember same år. Sentral før og under den store jødeaksjo-

nen hausten -42. Innfører Politiets særdomstol i -43. Pågripen og fengsla 12. mai -45. Stilt for retten i juni -47, men blei til slutt erklært sinnssjuk og saka lagt bort utan dom. Overført til Reitgjerdet, der han sat innesperra til 1960. Etter at han kom ut var han under fast tilsyn fram til 1972, da han blei erklært frisk og fekk att dei statsborgarlege rettane sine. Døydde i juni 1988.

Dag og Tid